



**RYFYLKE IKS**

## Møtebok til møte 3 i ungdomsstyret i Ryfylke

Tid: Fredag 11.oktober 2024, kl. 16:00 – 18.00

Stad: Teams-møte

<b>Deltakrar:</b>	Ingrid Fatnes, rep. Sauda kommune Eivind Hustveit, rep. Sauda Johanne Klungveit Næsje, rep. Suldal kommune Arin Eiriksønn, rep. Suldal Joel Nag, rep. Strand kommune Anne Bratthammer, rep. Strand Tiril Espedal, rep. Sandnes kommune Peder Krokedal, rep. Hjelmeland kommune Elise Svæven Oaland, rep. Hjelmeland
<b>I tillegg møtte:</b>	Nina Fjellskaalnes, Ryfylke IKS

**RYFYLKE**

Ein attraktiv region der  
folk vil bu og arbeide



## Saksliste

Sak 13/24	Godkjenning av innkalling og saksliste	2
Sak 14/24	Godkjenning av møtebok for styremøte 2	2
Sak 15/24	Stillingsutlysning ungdomskordinator	3
Sak 16/24	Etablering av sommarjobb-nettverk	3
Sak 17/24	«Ryrekrudd» – nettverk- og rekrutteringsfest	3
Sak 18/24	Etablering av regionalt Pride-arrangement	3
Sak 19/24	Instagram-konto	4
Sak 20/24	Karrieredagen og Job Fair 2025	4
Sak 21/24	Folka 2024: Mangfald og inkludering	4
Sak 22/24	Representantskapsmøte 18.oktober	4
Sak 23/24	Eventuelt	5

### Sak 13/24 Godkjenning av innkalling og saksliste

#### ▲ Vedtak:

Styret godkjenner innkalling og saksliste.

### Sak 14/24 Godkjenning av møtebok for styremøte 2

#### ▲ Vedtak:

Møteboka vart godkjent.

## Sak 15/24 Stillingsutlysning ungdomskordinator

### ▲ Vedtak:

Styret godkjenner dei innspela som har kome inn, og ber om at dei blir tatt med i den endelege stillingsutlysinga. Vedtaket trer i kraft straks finansiering er sikra, og det er styret si plikt å følgja opp prosessen fram til stillinga er utlyst.

## Sak 16/24 Etablering av sommarjobb-nettverk

### ▲ Vedtak:

Saken må konkretiserast og leggjast fram med tydelegare oppgåver om kva styret skal gjera.

## Sak 17/24 «Ryrekrudd» – nettverk- og rekrutteringsfest

### ▲ Vedtak:

1. Ungdomsstyret stiller seg bak førebels opplegg og namn.
2. Ungdomsstyret skal bidra med å dele informasjon om arrangementet i sitt nettverk.

## Sak 18/24 Etablering av regionalt Pride-arrangement

Arrangementet må ikkje konkurrere med dei lokale Pride-arrangementet i kvar kommune. Eit regionalt, litt større arrangement «Ryfylke Pride» kan eventuelt rotere i dei ulike kommunane kvart år.

### ▲ Vedtak:

1. Ungdomsstyret vil at Ryfylke IKS spelar initiativet om eit regionalt Pride-arrangement vidare til dei lokale aktørane i kvar kommune.

## Sak 19/24 Instagram-konto

Innhald til konto bør publisere innlegg jamleg som er ein blanding av fakta/sakar som styret arbeider med, i tillegg til spennande innlegg slik som TikTok-aktig innlegg. Ein blanding av seriøst og morosamt er ein god kombinasjon. Alle i styret må komme med innspel til innhald.

### ▲ Vedtak:

1. Tiril Espedal har meldt seg som ansvarleg for Instagramkontoen.
2. Instagram-kontoen skal brukast som kommunikasjonskanal for å synleggjere arbeidet til styret og prosjekt i regionen.
3. Alle i styret må ta ansvar for å komme med innspel til saker og spreie det i sine kanalar.

## Sak 20/24 Karrieredagen og Job Fair 2025

### ▲ Vedtak:

1. Det er ikkje avklart kven som skal delta på Karrieredagen og Job Fair i 2025. Styret må tenke seg om til neste møte.
2. Det blir betalt styrehonorar til dei som deltek.
3. Det skal utarbeidast ein plan for korleis standen skal profilerast, med fokus på å framheve Ryfylke sine fordelar som arbeidsplass, særleg innan næringar som energi, havbruk, reiseliv og offentleg sektor. Styret vil komme med innspel til organisering av stand på neste styremøte.

## Sak 21/24 Folka 2024: Mangfald og inkludering

### ▲ Vedtak:

1. Peder Krokedal er interessert og skal undersøkje om han kan stille på Folka 2024 i Skei den 24. oktober 2024.
2. Representantane frå ungdomsstyret som deltek på konferansen får i oppdrag å presentere erfaringane sine og innsikta frå konferansen på neste styremøte, som skal haldast 3. desember 2024.
3. Reise- og deltakaravgiftene for ungdomsstyret si deltaking vert dekkja av Ryfylke IKS.

## Sak 22/24 Representantskapsmøte 18.oktober

### ▲ Vedtak:

Ingen innspel eller kommentarer til rådsmøtet.

## Sak 23/24 Eventuelt

Ingen saker på eventuelt.



### Ungdomsstyret i Ryfylke

Ungdomsstyret består av medlemmar frå alle kommunane i Ryfylke. Styret skal vera ein viktig pådrivar for å auka deltaking av unge i utviklinga av Ryfylke-regionen. Dette inkluderer å bidra til å byggja gode møtestader og å styrkja Ryfylke sin posisjon som ein attraktiv plass å bu og arbeide for ungdom.